



Telenor Mobil vil ha antenna plassert på eller ved knausen på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen innstiller på at forvaltningskomiteen onsdag skal seia nei til dispensasjon og avslå søknaden frå Telenor Mobil om oppsetjing av antenne og utstyrshytte for mobiltelefon på ein knaus ved Kleivadalsvegen på Korsnes. Oppsittarane har protestert mot dette prosjektet.

Rådmannen viser til arealføremålet friområde i kommunedelplanen og forbod mot bygging i strandsona. Han meiner det ikkje føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon og skriv at tiltakshavar difor må finna ny plassering for tiltaket.

Det Telenor har søkt om er oppsetjing av ein tre meter høg trestolpe med antenne og utstyrsbu på åtte kvadratmeter på eit kommunalt eigd friområde ved eit regulert boligfelt. Etter merknader frå naboar kom Telenor Mobil med to nye alternativ, anten ein stolpe på 14 meter plassert nedanfor knausen eller seks meter høg stolpe med gittermast oppe på knausen.

Den aktuelle staden ligg innafor 100-metersbeltet frå sjøen.

Telenor har opplyst at plasseringa er gjort for å betra mobildekninga i området. Hvis denne plasseringa ikkje vert godkjent vil ein måtta setja opp fleire mindre stasjonar. Desse kan og vera i bustadfelt, og vil medføra større belastning enn den føreslegne plassering, held Telenor Mobil fram.

Rådmannen skriv at Telenor sitt mobilnett har stor samfunnsnytte og at administrasjonen i utgangspunktet er positiv til at telekommunikasjonsutstyr vert plassert strategisk rundt om i kommunen. Men i dette tilfelle finn rådmannen likevel at den valde plasseringa kjem i konflikt med andre allmenne interesser som er lagt til fri område – til dømes bading og leik. I eit bustadfelt er det viktig å behalda dei områda som er fri for utbygging slik for ettertida då det gjev kvalitetar som er viktige for opplevinga av eit godt bumiljø - til dømes fri utsikt mot sjøen.

Av Ola Matti Mathisen



Slik vil Telenor Mobil ha plassert antenne og bu. Siktlinja frå næraste bustad er markert. Gata imellom er Kleivadalsvegen.